

Christel Villanger Håland
Grønålvegen 21
5936 MANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/4093 - 20/27184

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:
11.05.2020

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 445/270 Manger Nedre

Tiltak: Ny avkjørsle nr 2
Byggjestad: Gbnr: 445/270 Manger nedre
Tiltakshavar: Christel Villanger Håland
Ansvarleg søker:

Delegertsak nr.: 487/20

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for bustad med gbnr 445/270 datert 06.05-20.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om ny avkjørsle til bustad med gbnr 445/270 mot kommunal veg Grønålvegen KV6043 S1D1. Dette er avkjørsle nr 2 til eigedomen. Det har tidlegare vore gitt uttale i saka og ny avklaring til søknad er sendt inn.

Vurdering/drøfting:

I tidlegare uttale frå Alver kommune vart det bemerka at det berre kan vere ei avkjørsle for køyretøy til ein bustad, men det kan vere fleire tilkomstvegar for gange. Det vert difor stilt krav til at eksisterande avkjørsle må stengast for køyretøy ved etablering av ny avkjørsle til bustaden.

Det har kome nye opplysningar i saka frå tiltakshavar om korleis dette er tenkt løyst.

Det er førebels ikkje bestemt om det ved tilkomst via fellesveg skal skjermast mot veg med mur, port eller gjerde. Ei etablering av tiltak vil uansett bli sett som krav i løynet.

Det blir opplyst at hekk som er etablert i strid med byggegrense vil bli fjerna ved etablering av den nye avkjørsla. På den måten vil krav til sikt, 3x20m som er krav gitt i uttalen, bli innfridd.

Samandrag/konklusjon:

Den nye avkjørsla direkte frå kommunal del av Grønålvegen vil kunne etablerast i samsvar med krav til avkjørsle frå kommunal veg og vil bli gitt.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til oppretting av ny avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vognormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siksone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vognivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Hekk langs kommunal veg skal fjernast
- Eksisterande tilkomst til eigedom via samleveg til eigedom og 3 andre bustader, skal stengast for tilkomst med bil når ny avkjørsle er etablert. Tilkomst for gange kan oppretthaldast ved eksisterande tilkomst, via port, låg mur med gangpassasje, sti eller tilsvarande.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Uttale til byggesak - GBNR 445/270 Manger Nedre - avkjørsle nr. 2

Mottakarar:

Christel Villanger Håland	Grønålvegen 21	5936	MANGER
Remi Jarle Helland	Grønålvegen 21	5936	MANGER